



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 16/2236 - 16/26745

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
27.09.2016

## Løyve til etablering av teknisk bygg og antennemast gbnr 233/96 Eide indre

### Administrativt vedtak. Saknr: 467/16

Tiltakshavar: Statens vegvesen Region vest

Ansvarleg søker: Statens vegvesen Region vest

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova  
(tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av teknisk bygg og antennemast ved E39 Bjørsviktunnelen, gbnr 233/96. Bygget skal plasserast på portalområdet på søraust-sida av tunnelen. Bygd areal er opplyst til å vera ca. 89 m<sup>2</sup>. Antennemast skal plasserast like sør for teknisk bygg og er opplyst å være 12m høgt.

Bjørsviktunnelen skal i 2016-2017 oppgraderast for å tilfredsstilla tryggleikskrav i tunnelforskrifta m.m. I den samanheng er det naudsynt med nytt teknisk bygg for styring/drift av elektro-, overvaking- og tryggleiksutstyr.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremålet i *kommuneplan for Lindås 2011-2023*.

Det vert elles vist til søknad mottatt 06.07.2016, supplert med dokumentasjon sist mottatt 14.09.2016.

#### Sakshandsamingsfrist

Sakshandsamingsfristen er 28.09.2016.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i *kommuneplan for Lindås 2011-2023* sin arealDEL er definert som LNF med støysone. Over området går også ei høgspentlinje som er vist som faresone.

#### Dispensasjon



Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet LNF.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Begrunnelse for søknaden:

E 39 Bjørsviktunnelen skal oppgraderes sikkerhetsmessig for å tilfredsstille krav i tunnellsikkerhetsforskriften. Det skal i denne forbindelsen installeres mye nytt teknisk utstyr.

Det trengs da ett teknisk bygg i nærheten av tunnelportalen for drift og styring av installasjonene.

Området er i kommuneplan for Lindås kommune 2011-2023 lagt ut til LNF-område med støysone.

Over området går også en høyspentlinje som er vist som faresone Høyspentanlegg (inkl høyspentkabler).

Det er en rekke bestemmelser og retningslinjer tilknyttet LNF-områdene. Statens vegvesen har vurdert tiltaket opp imot disse som synes mest aktuelle:

5.5 Naudsynte tiltak....kan ikkje byggast nærmare enn 50 meter frå sjø og vatn.

5.16 Det skal ikkje byggjast på areal som ligg eksponert i landskapet eller på ein slik måte at landskapet vert fragmentert eller det krevs store terrenginngrep.

5.20 Nye tiltak bør ikkje vere til hinder for ålmenn ferdsel og tilgang til LNF-område..

På det aktuelle området for nytt teknisk bygg ligger i område som er småkupert og med blandingskog.


Statens vegvesen sin vurdering er at plasseringen av ett nytt teknisk bygg på østsiden av E 39 ikke vil gi negative virkninger i forhold til aktuelle LNF-interessene i området:

- Bygget ligger ikke i strandsonen.
- Nytt teknisk bygg vil ikke bli eksponert i landskapet. Terrenginngrepene vil være langs eksisterende vegtrase.
- Det er ikke turstier eller tråkk i området langs E 39 /nytt teknisk bygg som blir hindret av tiltaket.

Utformingen av bygget er lavt, en etasje og saltak i samsvar med tradisjonell byggeskikk i området.

Nytt teknisk bygg er nødvendig for å tilfredsstille krav i tunnelforskriften.

Statens vegvesen region vest søker herved om dispensasjon for oppføring av nytt teknisk bygg på grn 233, bnr 9.



## Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klageurdering.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det er komen følgjande merknad frå BKK.

[Viser til nabovarsel vedrørande antennemast ved Bjørsviktunellen.](#)

Vedlagt enkel skisse, bilde, og kart, som viser målte høgder på plassen og forskriftsmessige avstandar frå linje til antennemast.

Ved alt arbeid nær ved høsp.linjer skal det, før arbeidet tek til, skrivast avtale mellom BKK Nett og utførande.,

Etter instruksen må ikkje anl.maskiner, kranar, osv, oppstilla og nyttast på ein slik måte at ein - sjølv ikkje ved *utsiktiga bevegelser* - kan koma innafor sikkerhetsavstanden, som for denne linja er på 1,5 m

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 31.08.2015.

Det er søkt om OK ferdig plass på kote ca. + 112,7.

### **Terrenghandsaming**

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terrenget, og plassering i høve terrenget.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til sidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevest dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4). Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggja innanfor ramma av dei omsynslova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføra, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsynet bak LNF-føremålet er i dette området særleg knytt til kulturlandskapet. Administrasjonen vurderer at omsøkte tiltak vil få liten eller ingen verknad i høve til dei omsyna som LNF-føremålet skal ivareta. Bygget skal plasserast på areal som har direkte tilknyting til tunnel- og vegarealet. Tiltaket vil ikke leggja beslag på areal som har verdi i høve landbruk eller kulturlandskap. Omsøkte tiltak vil sikra ein oppgradert tunnel i samsvar med tryggleikskrava i tunnelforskrifta. Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt.

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

For plassering og vilkår for oppføring av antennemast visast det til merknad og innsendte skisser fra BKK som er vedlagt saka og merka Q-1.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

#### **Privatretslege tilhøve**

Omsøkte tekniske bygg skal plasserast delvis på gbnr 233/9. Det er inngått kjøpekontrakt med eigar.

#### **Tiltaksklasse og ansvar**

Kommunen legg sokjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 11-6 (rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel) for oppføring av teknisk bygg slik det er søkt om.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 20-3, vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av teknisk bygg i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:**

- **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan 31.08.2015, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- **Oppføring av antennemast må utførast i samråd med føringer gitt av BKK i vedlegg Q-1 i byggesaka.**
- **Før det vert gitt mellombels bruksløyve/ferdigattest for tiltaket skal**
  - faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/2236**

## **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

## **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

## **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

## **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Kopi til:**

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER

**Mottakarar:**

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER